



## Havaristen skulle til Uskedalen

16.01.2009



Tømmerlasting på Børnes i oktober i fjor. Men det er ikkje 'Mirabelle' som lastar i dette tilfellet, opplyser Vestskog. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**4000-tonnaren 'Mirabelle' som havarerte ved Åenes i morgontimene i dag (fredag) var underveis til Børnes i Uskedalen for å lasta tømmer, får uskedalen.no opplyst hos Vestskog i Granvin. Båten hadde lasta tømmer i Granvin. Styrmannen, som er frå Ukraina, har innrømma i politiavhøyr at han sovna på jobb og vakna då båten støyte mot land.**



Dette er havarirapporten etter det som skjedde i 2005. (Foto: Kvinnheringen)

Det er Falkeid Management i Finnøy i Rogaland som eig bulkskipet 'Mirabelle'. Det er registrert på Malta og bygd i 1985, med ombygging i 2006.

Båten har vore involvert i fleire ulukker. I 2005 køyde den inn i Storebæltsbroen mellom Sjælland og Fyn. Den kilte seg fast i bruhaugen, byrja å brenna og overstyrmannen om stod ved roret omkom. Han hadde då ei promille på

1,55 melder TV2 i Danmark.

Rett før jul i år grunnstøyte 'Mirabelle', ved Svendborg i Danmark. Årsaken var ein navigasjonsfeil, opplyser media i Danmark. Båten skal også ha vore involvert i ei anna hending sist haust.

Etter havariet på Ænes opplyste politiet at det ikkje var mistanke om promille, men båten var langt ute av leia. Og seinare på dagen innrømte styrmannen at han somna i ein perioda då han var åleine på bruа. Båten hadde ikkje los ombod, men den har farledsbevis som krevst når det ikkje er los.

Havariet skal no etterforkast vidare.

Havarikommisjonen deltek ikkje i etterforskinga fordi dei berre blir kopla inn dersom det er personskadar. Ordninga med sjøforklaring gjekk ut i 2007.

Havaristen vart fortøyd ved kai i Austrepolem og skipet sikra med lenser for å førebyggja forureining. Bømlø Maskin har ansvaret for å samla opp tømmerstokkane, minst 1.500 i talet.

Av Ola Matti Mathisen